



## MØTEPROTOKOLL

## A

**Utval:** Ulstein kontrollutval  
**Møtestad:** Ulstein rådhus, møterom Hasund  
**Dato:** 24.09.2019  
**Tid:** 13.00 – 15.15

### Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon
Ivar Mork	Leiar
Berit Lyngstad	Medlem

### Faste medlemmer som ikkje møtte:

Mary Kleven Brekke	Medlem
Asbjørn Gausdal	Nestleiar
Jon Åge Eidem	Medlem (Ikkje meldt avbod)

### Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for
John Osnes	Mary Kleven Brekke
Inge Håkonsholm	Asbjørn Gausdal

### Frå Vest kontroll møte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar Vest Kontroll

### Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS møte:

Namn	Stilling
Halldis Moltu	Oppdragsansvarleg revisor. Sak 19/19 – 23/19
Alf Marius Grønnevik	Forvaltningrevisor

### Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
------	----------

## **SAKLISTE**

- SAK 24/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL
- SAK 25/19 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE
- SAK 26/19 MELDINGAR
- SAK 27/19 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2019
- SAK 28/19 BUDSJETT FOR KONTROLLUTVALET 2020
- SAK 29/19 REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL ERVISJON 2019
- SAK 30/19 FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – INNKJØP – utsett til neste møte
- SAK 31/19 REKNEKAP OG REVISJONSBERETNING 2018 FOR ULSTEIN  
FJERNVARME
- SAK 32/19 OPPFØLGING AV KOMMUNESTYREVEDTAK I SAK PS 17/39
- SAK 33/19 EVALUERING AV KONTROLLUTVALET
- SAK 34/19 OSNES GRAVPLASS – SAK FOR KONTROLLUTVAL?

SAKER SOM MÅTTE KOMME TIL.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
24/19	033	24.06.2019	24.09.2019	KS

## **GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL**

### **Samrøystes vedtak**

1. Innkalling og sakliste vert godkjent.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Berit Lyngstad.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
25/19	049	24.06.2019	24.09.2019	KS

## **GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE**

### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 06.05.2019.

### **Vedlegg**

Møteprotokollen frå møtet 06.05.2019.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
26/19	033&17	12.09.2019	24.09.2019	KS/JS

## **MELDINGAR**

### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

### **Vedlegg**

1. Forskrift om kontrollutvalg og revisjon, av 17.06.2019.
2. Kommunerevisoren nr. 4 2019 «Endringer av selskapsavtaler for interkommunale selskaper».

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
27/19	033&58	05.09.2019	24.09.2019	KS

## **GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2019**

### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknad til gjennomgådde møteprotokollar.

### **Saksopplysning**

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.).

Dokumenta finn ein på Ulstein kommune si heimeside - <https://innsyn.ssikt.no/ulstein/dmb>

Møteprotokollar til gjennomgang (merka med feit skrift):

Administrasjonsutvalet

**18.06**

Fellesrådet	<b>11.06 27.08</b>
Formannskapet	<b>18.06 11.09</b>
Klagenemnd eposedomskatt	
Kommunestyret	<b>20.06</b>
Levekårsutvalet	<b>12.06 03.07 28.08</b>
Nammenemnda	
Skattetakstnemnda	
Styret for Ulstein Eignedomsselskap KF	<b>01.07 02.09</b>
Teknisk utval	<b>13.06 29.08</b>
Ungdomsrådet	<b>26.08</b>
Valnemnda	<b>11.09</b>
Valstyret	<b>10.09</b>
Viltnemnda	
Politisk- administrativ leiarforum	
Formannskapet som klageorgan	
Fellesrådet for eldre og msk med nedsett funksjonsevne	
SSR IKS – styret	Sendt til leiar
SSR IKS – representantskapet	Sendt til leiar

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
28/19	151	05.09.2019	24.09.2019	JS/KS

## BUDSJETT FOR KONTROLLUTVALET 2020

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet ber kommunestyret løyve minst kr. 75.000,- til fri disposisjon for kontrollutvalet i budsjett for 2020. Leiar og møtegodtgjersle kjem i tillegg.

### Vedlegg

Ingen.

### Saksopplysningar

Budsjett for Vest kontroll – sekretariat for kontrollutval vert vedteke av styret for selskapet (samarbeidet). Dette budsjettvedtaket legg rådmannen inn i kommunebudsjettet. Sekretariatet er det utøvande lekk for kontrollutvalet.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet skriv mellom anna dette i Kontrollutvalsboka (2016):

«Det er avgjerande for godt kontrollarbeid at kontrollutvalsmedlemer blir sette i stand til å utøve vervet sitt på ein god måte: Kommunestyret bør sørge for at det er tilstrekkeleg budsjett til at kontrollutvalsmedlemmene kan delta på kurs og konferanser.»

«Kommunestyret er ansvarleg for at kontrollutvalsmedlemmene og varamedlemmene får tilstrekkeleg opplæring i sine kontroll- og tilsynsoppgåver.»

«Kontrollutvalet bør sørge for at medlemmene (både faste og vara) får tilstrekkeleg opplæring. Det vil vere nyttig at utvalet held seg orientert om arrangement i regi av bransjeorganisasjonar og foreiningar, og sjølv tek initiativ til kurs medlemmene har trong for» I tillegg til den grunnleggjande opplæringa er det viktig at kontrollutvalet held seg oppdaterte. Dette er ein kontinuerlig prosess som det må løyvast midlar til.

For å gi kontrollutvalet gode arbeidsvilkår må kommunestyret stille naudsynte ressursar til disposisjon. (Kontrollutvalsboka 2016:16) Difor må kontrollutvalet ha sitt eige budsjett som mellom anna skal dekkje opplæring, kurs/konferansar, litteratur m.m.

Dette gjer at kontrollutvalet må be kommunestyret om budsjett i 2020 pålydande minst kr. 50.000,-.

Større særskilde tiltak/saker slik som gransking og større forvaltningsrevisjonar er halde utan om dette budsjettet. Her gjeld hovudregelen om at kontrollutvalet i førekant søker kommunestyret for å få løyvd nødvendige midlar.

Budsjettframlegget til kontrollutvalet kan berre endrast av kommunestyret. «Grunnen til at budsjettet til kontrollutvalet er i ei særstilling, er at utvalet skal vere fritt og uavhengig av dei organa som utvalet skal kontrollere. Det er uheldig om administrasjonen eller eit organ som kontrollutvalet skal kontrollere og ha tilsyn med, til dømes formannskapet eller administrasjonsutvalet, får innverknad på budsjetttramma til tilsynsorganet. (Kontrollutvalsboka 2016:16)

Budsjettframlegget til kontrollutvalet skal uendra følgje det samla budsjettframlegget til kommunestyret, slik at kommunestyret ved budsjetthandsaminga har informasjon om både kontrollutvalet sitt framlegg og formannskapet si innstilling til budsjett.

### **I møtet**

Det er ny valperiode og nytt kontrollutval. I tillegg er det kome ny kommunelov og nye forskrifter for kontrollutval og revisjon. Kontrollen skal også koordinerast med fylkesmannen/statlege instansar sin kontrollar med den kommunale forvaltninga/tilsyn. Det er også endringar når det gjeld tilhøve til selskap og ein del nye bestmmelsar på dette området. Opplæringsbehovet er d for ekstra stort.

Ut frå dette meiner kontrollutvalet at beløpet må høgkast i høve sekretariatet sitt framlegg.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
29/19	216	09.09.2019	24.09.2019	JS/KS

## **REVISJONSPLANLEGGING 2019 – FINANSIELL REVISJON**

### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet tek til vitende Revisjonsplanlegging 2019 – finansiell revisjon, for Ulstein kommune, utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.

### **Vedlegg**

- B-dokument. Dokument for revisjonsplanlegging - finansiell revisjon. **(Unnateke off. innsyn, jfr. offl. § 24.1, 13.1 jf. fvl. § 13 nr 2.)**. Vert sendt pr. post.

### **Saksopplysningar**

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS ved oppdragsansvarleg revisor Halldis Moltu, har utarbeida eit planleggingsdokument for revisjonsarbeidet – finansiell revisjon for året 2019. Dette for å utføre ein forsvarleg revisjon. Dokumentet er i samsvar med regelverket.

Planleggingsdokumentet består av flg. dokument (som er **unnateke off. innsyn**):

- Oppdragsvurdering
- Beskrivelse av verksemda
- Risikoanalyse
- Fastsetjing av vesentlegheitsgrense
- Bemanning og budsjettert forbruk

I den grad det er nødvendig vil revisor vil gå gjennom dokumentet på møtet, og svare på spørsmål. Møtet vert då lukka.

### **I møtet**

Leiaren tok opp om det var behov for gjennomgang og spørsmål til B-dokumentet, i så fall må møtet lukkast. Under drøftinga kom det fram at det var behov for gjennomgang og spørsmålsstilling.

Kontrollutvalet vedtok samrøystes å lukke møtet under orienteringa og spørsmålsstilling til revisor, jf. Kommunelova § 31, nr. 5, jf. offl. § 24.1, 13.1 jf. fvl. § 13 nr. 2, då innsyn vil motverke revisjonen sin kontroll.

Møtet vart opna igjen etter revisor sin gjennomgang.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
30/19	217	05.09.2019	24.09.2018	KS

## **FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – INNKJØP**

### **Samrøystes vedtak**

1. Saka vert utsett til neste møte.
2. Kommunalsjef Vik vert kalla inn for å orientere og svare på spørsmål vedkomande pkt. 5.1.6.1 i rapporten, Ny vassledning Garsholhaugen (prosjekt 31603).

### **Forslag til innstilling frå sekretariatet**

1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet – Innkjøp, Ulstein kommune. (Utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, datert 02.06.2019)
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
  - Kommunen må vurdere å følgje rutinar og bruke mal-dokument utarbeida av innkjøpssamarbeidet i Ålesund som kommunen er ein del av. Dette vil bidra til å effektivisere innkjøpsarbeidet og sikre trygge og gode innkjøpsrutinar i samsvar med gjeldande lov og regelverk.
  - Når andre aktørar gjennomfører konkurranse på vegne av kommunen, må kommunen innhente relevante dokument for å sikre seg at prosessen har følgd gjeldande regelverk
  - Kommunen må ved alle innkjøp over 100 000 kr utarbeide innkjøpsprotokoll. Dette vil kunne bidra til at alle innkjøpsprosessane vert tilfredstillande dokumentert og grunngeven
3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan **15.01.2020**.

### **Vedlegg**

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, *Forvaltningsrevisjonsprosjekt, Innkjøp, Ulstein kommune*, datert 02.06.2019. Motteke 03.09.2019.

### **Saksopplysningar**

Viser til rapporten som ligg ved denne saka.

Kontrollutvalet i Ulstein kommune gjorde i sak 31/18 vedtak om å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt på innkjøpsområdet. Kontrollutvalet ynskjer at revisjonen skal

vurdere praksis vedk. lov om offentlege innkjøp, forskrifter og reglement/rutinar, om kommunen bruker rammeavtalane dei er bundne av.

Målsettinga med prosjektet var å undersøke om kommunen følgjer lov om offentlege innkjøp med tilhøyrande forskrifter og retningslinjer innanfor innkjøpsområdet i 2017 og 2018.

#### Problemstillingar:

1. Følgjer kommunen regelverket vedkomande offentlege innkjøp?
  - Innkjøp skal være konkurranseutsatt i henhold til krav i anskaffelsesregelverket
  - Innkjøpsprosessen skal være dokumentert og arkivert i kommunens arkivsystem
2. Nyttar kommunen gjeldande rammeavtaler?
  - Kommunen bør ha rutinar som sikrar at rammeavtaler blir nytta og følgt opp
  - Kommunen skal kjøpe varer/tenester hos dei leverandørar som ein har rammeavtale med på området kjøpet gjelder

#### Problemstilling 1:

- **Følgjer kommunen regelverket vedkomande offentlege innkjøp?**

#### Revisjonen konkluderer med (side 23 i rapporten):

Ein plukka ut og kontrollerte 11 investeringsprosjekt der ein kontrollerte innkjøpa opp imot innkjøpsprosessen (lov om offentlege anskaffingar med tilhøyrande føreskrift). Kommunen har også eigne skriftelege rutinar i samband med Ålesund kommune (Ålesund innkjøpssamarbeid).

- 9 kjøp var i hovudsak i samsvar med regelverk og interne reglement/rutinar
- 1 kjøp var ikkje i samsvar med regelverk då kommunen burde ha gjennomført ei ny anbodskonkurranse i samband med utviding av prosjektet (jamfør. 5.1.6).
- 1 kjøp var ikkje i samsvar med regelverk då innkjøpet hadde ein estimert verdi på 2,2 millionar kr noko som fell inn under del 2 i anskaffelsesføreskrifta (over 1,1 millionar kr). Dette krev kunngjering på Doffin noko som ikkje har blir gjort. Kommunen tok kontakt med eit utval leverandørar, der ein leverandør leverte tilbod.
- Av dei 11 prosjekta mangla 8 innkjøpsprotokoll, men ein såg derimot i dei fleste tilfelle at det låg føre dokumentasjon med varierende kvalitet i ei eller anna form. Kommunen sine eigne rutinar og føreskrifta legg klare føringar på at det skal utarbeidast ein innkjøpsprotokoll. Kommunen bør derfor sørge at innkjøpsprosessen vert tilfredstillande dokumentert og grunngeven.

#### Problemstilling 2:

- **Nyttar kommunen gjeldande rammeavtaler?**

#### Revisjonen konkluderer med (side 30 i rapporten):

Ulstein kommune er ein del av innkjøpssamarbeidet i Ålesundsregionen. Ålesund kommune administrer dette samarbeidet på vegne av medlemskommunane. Ein plukka ut og kontrollerte 13 av dei 26 avtalene.

I høve avvik såg ein at kommunen ikkje nytta rammeavtalene med Nortura i høve kjøt og kjøtvarer, i tillegg registrerte ein at rammeavtale i høve reinhalsmiddel, rekvisita plast og papir, lyskjelder og catering og hanskar i varierende grad var følgt då kommunen også hadde handla slike produkt gjennom lokale butikkar. Utover dette nytta kommunen i stor grad sine rammeavtaler.

#### **Anbefalingar i frå revisjonen (side 30 i rapporten):**

1. Kommunen bør vurdere å følgje rutinar og bruke mal-dokument utarbeida av innkjøpssamarbeidet i Ålesund som kommunen er ein del av. Dette vil bidra til å effektivisere innkjøpsarbeidet og sikre trygge og gode innkjøpsrutinar i samsvar med gjeldande lov og regelverk.
2. Når andre aktørar gjennomfører konkurranse på vegne av kommunen, bør kommunen innhente relevante dokument for å sikre seg at prosessen har følgt gjeldande regelverk
3. Kommunen bør ved alle innkjøp over 100 000 kr utarbeide innkjøpsprotokoll. Dette vil kunne bidra til at alle innkjøpsprosessane vert tilfredstillande dokumentert og grunnngjeven

### **Rådmannen sin tilbakemelding (side 31 i rapporten):**

Rapporten er lest med stor interesse.

Eg har nokre tre konkrete tilbakemeldingar på faktagrunnlaget i rapporten.

Det eine er til side 5 der Søre Sunnmøre innkjøpssamarbeid er nemnt. Der er ikkje noko formalisert samarbeid om innkjøp mellom kommunane på Søre Sunnmøre. Vi har eit formelt samarbeid med Ålesund kommune gjennom ein samarbeidsavtale og praktisk arbeid med rammeavtaler organisert gjennom konserninnkjøp i Ålesund kommune. Der er gjort forsøk på å etablere eit felles forum for dei som arbeider med innkjøp innanfor Sjustjerna samarbeidet, men det er ikkje noko formelt.

Til side 15, 5.1.3. Kjøp av ny feiemaskin. Her ligg det føre ein protokoll frå opninga av anbodet. Som det går fram av omtalen i rapporten kom det berre inn eit tilbod og kommunen kjøpte i henhold til dette tilbodet. Protokollen ligg som vedlegg.

Under medisin og multidose side 28. det vart inngått ny rammeavtale frå 1.1.19. Norsk medisinaldepot hadde betydelege leveringsproblem i den perioden som er omfatta av revisjonsrapporten. Dette gjekk på feil i levert medisin i multidosepakkar og problem med at dei gjekk tom for, og ikkje kunne levere, nokre medisinar. Det var kort tid mellom vårt mottak av medisinar, og utlevering frå oss. Dette førte til betydeleg meirarbeid i kontroll av mottatt medisin, og behov for å gjere nokre suppleringskjøp lokalt. Sjå vedlagt dokumentasjon frå NMD.

Rådmannen ser og behov for auka fokus på innkjøp og koordinering innanfor dette området. Dette er difor ei prioritert oppgåve for ny kommunalsjef for organisasjon og utvikling og dette vart spesifikt peika på i utlysningsteksten til denne stillinga. Kommunalsjefen tek til 1. oktober.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
31/19	026	19.08.2019	24.09.2019	KS

## **REKNESKAP OG REVISJONSBERETNING 2018 FOR ULSTEIN FJERNVARME**

### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet tek rekneskap og revisjonberetning 2018 for Ulstein fjernvarme til vitende.

### **Vedlegg**

1. Årsmelding 2018
2. Årsrekneskap 2018 med Revisjonsberetning

### **Saksopplysningar**



Kontrollutvalet skal i samsvar med Kommunelova § 77,5 og Forskrift om kontrollutval § 13 sjå til at det vert ført kontroll med kommunens interesse i selskap. Vi legg difor fram rekneskap og revisjonsberetning. Viser til vedlegg for utfyllande informasjon.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
32/19	217	18.09.2019	24.09.2019	JS

## OPPFØLGING AV KOMMUNESTYREVEDTAK I SAK PS 17/39

### Samrøystes innstilling

1. Kommunestyret meiner dei har, gjennom løpande orienteringar og i saka Byggerekneskap og finansiering Ulstein Arena, ikkje lenger behov for svar på spørsmåla som vart stilte i sak 37/17.
2. Kommunestyret ber administrasjonen og dei folkevalde ta lærdom av feila som har vore godt belyste i alle orienteringane i samband med bygginga av Ulstein Arena slik ein unngår å gjenta feila i framtidige investeringsprosjekt. Ein viser særskilt til Kommunestyresak 63/10 Vurdering og konklusjon – Lærdom frå Ulstein Arena:
  1. Det kan vere økonomisk gunstig å få lokale entreprenørar som planleggar og utførande.
  2. Risiko for avvik i byggefasen bør få meir merksemd i planleggingsfasen.
  3. Risiko for uforutsette kostnader bør ikkje settast for lågt.
  4. Val av type av entrepriseform bør få grundig vurdering på eit tidleg stadium av prosjektet.
  5. Tal på byggekontraktar i prosjekt bør vere lågast råd.
  6. Alle kostnader i prosjektet må synleggjerast på førehand, og ikkje leggest i «sekkepostar»
  7. Resultat av prosjekt, og konsekvensar etter ferdigstilling bør gjerast klart tidleg i prosessen.
  8. Økonomireglementet for investeringsprosjekt bør arbeidast meir med, og vedtakast snarast.
  9. Endringar i byggefasen bør unngåast så langt som råd.
  10. Erfaringar frå alle prosjekt bør samlast skriftleg, og gjerast lett tilgjengeleg for framtida.

### Vedlegg

Kontrollutvalssak 37/17  
Kontrollutvalssak 28/17  
Kommunestyresak 63/19

### Saksopplysningar

Kontrollutvalet gjorde i sak 37/17 slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek tilbakemeldinga frå revisjonen av 05.06.2017 vedkomande forvaltningsrevisjon/gransking til etterretning.
2. Kontrollutvalet vil kome tilbake med evt. bestilling av eit forvaltningsprosjekt når byggeprosjektet Ulstein Arena er avslutta.
3. Kontrollutvalet vil seinare vurdere konsulentbistand for å kunne gi svar på spørsmål som ikkje kan inngå i ein forvaltningsrevisjon.

Kommunestyret sette opp ei rekke spørsmål dei ynskjer å få svar på, som vart sende over til revisjonen til vurdering:

### Egna for forvaltningsrevisjon

1. Har kommunen vedteke tydelege retningslinjer for organisering og gjennomføring av større byggeprosjekt, herunder mandat til å gjennomføre tilleggsbestillingar?  
*Det er gjort undersøking og det ligg føre reglement, retningslinjer og instruksjer, så dette kan gjennomførast som forvaltningsprosjekt.*
2. Har folkevalde vore tydelege nok ovanfor administrasjonen i forhold til korleis prosjektet skal organiserast?  
*Denne problemstilling vart delvis belyst i KU- sak 28/17 på bakgrunn av innhenta informasjon frå politisk sekretariat, men dette kan undersøkast meir detaljert på bakgrunn av føringar i saksbehandlinga, og blir å vurdere som forvaltningsprosjekt.*
3. Handtering av endringsmeldingar frå hovudentreprenør, sideentreprenør og prosjektgruppe  
*Det vert forutsett at det ligg føre rutinar prosedyre/mandat for dette, og vil kunne vurderast som forvaltningsprosjekt.*

### **Ikkje egna til forvaltningsrevisjon**

4. Grunnlag for budsjettramme. Hadde administrasjonen under handsaminga av prosjektet grunnlag for å hevde at prosjektet var fullfinansiert inkludert mellom anna inventar og klatrevegg?  
*Gjennomgang av byggespesifikasjon som er grunnlag for byggkontrakt er ikkje å vurdere som forvaltningsrevisjon/prosjekt.*
5. Kalkyle for kontraktfesta prisstigning i prosjektet. Kvifor sprakk ramma?  
*Dette er ikkje å vurdere som forvaltningsprosjekt.*
6. Kommunens, prosjekteringsgruppa og arkitekten sine roller knytt til endringar undervegs  
*Dette er ikkje å vurdere som forvaltningsprosjekt.*
7. Har prosjektgruppa hatt tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å handtere eit så stort prosjekt?  
*Dette er ikkje å vurdere som forvaltningsprosjekt.*

### **Avklara**

8. Val av entrepriseform, særskilt knytt til prosjektering  
*Denne problemstillinga er belyst i styresak 17/20 i UEKF, der det går fram av saka: «Når ein skulle bygge Ungdomskulen og Ulstein Arena valde Ulstein kommune å køyre prosessen gjennom «plan og design konkurranse» Det vil seie at ein skulle ha ein konkurranse om å kåre ein vinnar av det beste prosjektforslaget. Det vil seie at prosjektgrupper (beståande av arkitekter og ingeniørar på ulike fag) skulle konkurrere om å vinne den beste løysinga. Vinnaren får då rett til å følgje prosjektet vidare heilt fram til ferdigstilling. Konsekvensen av dette er at ein gjerne får ei god arkitektonisk løysing, men det er vanskeleg å avgrense og styre kostnadane knytt til utvikling av prosjektet. I byggefasen ser vi at arkitektsida har ein dominerande rolle. UEKF si erfaring er at då er det for lite fokus på ingeniørbiten i prosjektet. Dermed vert det vanskeleg å styre prosjektet i mål innafor avtalt byggekostnad. Ingen prosjekt er like. Det vil difor alltid vere viktig å vurdere kva som er rett entrepriseform. Når det gjeld Ulstein Arena var mykje avgjort når ein bestemte i kommunestyret å gå for «plan og design konkurranse». Det betyr at det vert lagt mykje ressursar i utvikling av prosjektet. Då er totalentreprise lite aktuelt etter mitt syn. Skal det vere totalentreprise så bør ein legge lite ressursar i utforming av prosjektet på førehand, men legge føringar for kva ein vil ha tilbod på. Så er det totalentreprenøren som må detaljprosjektere og tilby sine løysingar i eit komplett tilbod.»*

## Orienteringar

Kontrollutvalet har gjennom byggeprosessen fått løpande orientering frå dagleg leiar i UEKF. Orienteringar, har vi registrert, er også gjort løpande overfor formannskap og kommunestyret. I orienteringane har ein fått godt kjennskap til dei ulike problemstillingane som har oppstått. Feil som har vore gjorde skulle såleis vere godt kjent, også for kommunestyret. Det må vere grunn til å forvente at kommuneadministrasjonen/UEKF har lært og ikkje vil gjere liknande feilar framover.

Det er ikkje tvil i at det har vore store utfordringar undervegs i byggeprosessen, der mange kunne vore unngått ved ei betre planlegging.

Kontrollutvalet har vore innstilt på å ikkje starte prosessen med forvaltningsrevisjon eller gransking før prosjektet var ferdig og byggerekneskap låg føre.

## Kommunestyresak

Kommunestyret gjorde i sak 63/19 slikt vedtak:

«Kommunestyret vedtek byggekostnaden på Ulstein Arena til kr 315.978.125,-. Når midlane frå sal parkeringsplassar og utbetaling av tippemidlar er på plass, skal midlane snarast nyttast til nedbetaling av lån.»

## Prosess vidare

Spørsmålet vidare er om kommunestyret synest at dei har fått nok opplysningar, jamfør orienteringar gjennom byggeprosessen og ved kommunestyresak 63/19 Byggerekneskap og finansiering Ulstein Arena, eller dei fortsatt ynskjer at kontrollutvalet skal bestille forvaltningsrevisjon med Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS for det dei kan gi svar på, samt bestille gransking/undersøking på dei andre spørsmåla som var ynskje om å få svar på.

Kostnadane er vanskeleg på seie noko presis om, men ut frå erfaring må ein anta at kostanden vert samla mellom kr 400.000 og kr 500.000 som kommunestyret må løyve før arbeidet vert sett i gong. Det kan det vere vanskeleg å finne kvalifisert person/firma til å utføre dei spørsmåla som Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS ikkje kan gi svar på. Etter lova så minst tre personar/firma spørjast.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
33/19	033	05.09.2019	24.09.2019	KS

## EVALUERING AV KONTROLLUTVALET

### Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at det blir gitt tilbakemelding til kontrollutvalssekretariatet innan 01.10.2019.
2. Kontrollutvalet vonar evalueringa vil bidra til ei god tilrettelegging for kontrollutvalet i kommande valperiode.

### Vedlegg

1. Skjema for evaluering av kontrollutvalet
2. Side 77-80 frå kontrollutvalsboka

### Saksopplysningar

Ei av dei viktigaste oppgåvene til kontrollutvalet er å vere ein pådrivar for læring og utvikling i kommunen vår, det kan difor vere nyttig for kontrollutvalet å evaluere eget arbeid.

Kontrollutvalsperioden går mot slutten og det er viktig å leggje til rette for erfaringsoverføring til neste kontrollutval.

Kapittel 11 i kontrollutvalsboka omhandlar «Oppfølging og evaluering» av kontrollutvalet, sekretariat og revisjonen sitt arbeid. No er snart valperioden 2016-2019 ferdig og det kan, etter sekretariatet si meining vere bra at det vert gjennomført ei evaluering av det arbeidet kontrollutvalet har gjort i denne valperioden.

Skjema ligg ved. Ordførar og rådmann er også invitert til å vera med i ei slik evaluering.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
34/19	033	18.08.2019	24.09.2019	KK/JS

## OSNES GRAVPLASS – SAK FOR KONTROLLUTVAL?

### Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet viser til at Fylkesmannen har sendt plansaka over til Departementet med oppmoding om å ta Fylkeskommunen si motsegn til følgje.
2. Utvalet finn på denne bakgrunnen det ikkje aktuelt å gå inn i saka.

### Vedlegg

1. E-post med vedlegg rå Johan Ottosen av 20.05.2019
2. Brev frå Ulstein kommune til Fylkesmannen av 04.07.2019
3. Brev frå Fylkesmannen til Kommunal- og moderniseringsdepartementet av 03.09.2019

### Saksopplysningar

Frå grunneigar som vil verte råka av kommunal plan for utviding av gravplass på Osneset har kontrollutvalet mottatt oppmoding om å ta den kommunale sakshandsaminga i samband med planen opp som sak. Det er særleg prinsippet om at ei sak skal opplysast så godt som mogeleg før kommunen treffer vedtak, samt tilhøvet til tidlegare planvedtak frå overordna organ, tidlegare Miljøverndepartementet, som er hovudgrunnlaget for henvendinga til kontrollutvalet.

Informanten syner til at Miljøverndepartementet i 2005 tok fylkeskommunen sine innseiingar i det alt vesentlege til følgje, slik at berre eit mindre utvidingsareal for gravplassen på Osneset vart tillate. Saka no gjeld plan for vidare utvidingar, i strid med dette tidlegare vedtaket.

Ulstein kommunestyre godkjende i møte den 28.03.2019 arealplanen for kommuneplanen for 2019-2031. Det er opplyst at areal på Osnesflotane som var omfatta av departementet sitt tidlegare avslag no på nytt vart vedtatt disponert for formål grav- og urnelund. Informanten peikar på at planforslaget vart vedtatt, for tredje gong utan rettsvern. Han meiner at dette syner mangel på respekt for tidlegare gyldige vedtak i departementet. For areala det gjeld er det og sterke jordbruksomsyn som talar for å hindre meir nedbygging av dyrka mark m.v. Til denne delen av arealplanen var det i 2003 reist motsegn med grunnlag i automatisk freda kulturminne.

I prosessen for utarbeiding av arealplan har forslag vore lagde ut til offentleg ettersyn. I noverande prosess har kompetente organ på nytt gått imot forslaget med tilsvarande motsegner, jfr. plan- og bygningslova (jfr. § 11-16). Slike motsegner kom frå både Fylkeskommunen og Fylkesmannen, m.a. på grunn av konflikt med freda kulturminne og skadane ved nedbygging av dyrka mark. Verknadene av slik motsegn mot eit planforslag frå eit organ som har kompetanse til dette, er at kommunestyret då ikkje kan vedta forslaget med endeleg verknad, dvs. eit eventuelt vedtak blir utan rettsverknad.

Det er opplyst at drøftingsmøter omkring motsegna som omhandlar Osneset ikkje førde til noka løysing.

Som følge av dette har Fylkesmannen den 03.09.2019 sendt planen over til Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) for vidare behandling og endeleg avgjerd. I oversendinga er det gjort greie for kommunen si saksbehandling utan at det ser ut til å kome fram kritikk mot denne.

I følge Fylkesmannen har planprosessen tvert imot vore «omfattande og grundig». Det er også vist til at fleire alternativ for utviding av gravplassen har vore til vurdering i kommunen.

## 2. Vurdering

Kontrollutvalet kan i prinsippet behandle eitkvart tilhøve ved verksemda i kommunen, men utan å overprøve politiske prioriteringar.

Kontrollutvalet har i utgangspunktet ikkje eit tilsynsansvar overfor kommunestyret, då utvalet er å sjå på som kommunestyret sitt arbeidsutval på området for kommunal eigenkontroll.

Utvalet kan likevel uttale seg dersom kommunestyret til dømes er i ferd med å treffe, eller har allereie gjort, vedtak som strid mot lova. Kontrollutvalet kan også alltid kontrollere om saker til kommunestyret er forsvarleg utgreidde, dvs. kvaliteten på saksbehandlinga.

I den konkrete saka fylgjer sjølve saksgongen av regelverket i plan- og bygningslova. Etter tingingar sit fylkeskommunen att med motsegn som langt på veg dekkjer den type innvendingar som kjem frå informanten til kontrollutvalet. Motsegna frå Fylkeskommunen ligg no til behandling i KMD.

På denne bakgrunnen er det ikkje naturleg at kontrollutvalet går inn med nærare undersøkingar av saksbehandlinga omkring planlegginga av ny/utvida gravplass på Osneset, i alle høve ikkje på det noverande tidspunktet.

Informanten bed kontrollutvalet vurdere om kommunen kan motarbeide departementet sitt vedtak frå 2005. Desse og andre tilhøve vil verte vurderte av KMD som øvste planorgan i lys av motsegna som no ligg til behandling.

## **Møtet slutt.**

Ivar Mork  
Leiar

Berit Lyngstad  
Medlem

**Utskift til:** Kommunestyret som melding.  
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.  
Ordførar og rådmann til orientering.  
SSKR IKS til orientering.